



Jan Ole Seim
Vardane 119 B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/2261 - 19/23738

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
12.08.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - 170/4 Vatne

Tiltak: Etablering av ny avkjørsle delingssak

Byggjestad: Gbnr: 170/4 Vatne

Tiltakshavar: Jan Ole Seim

Ansvarleg søker:

Delegasjonssak nr.: 455/19

Saka gjeldt søknad om fornying av utgått løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg for 2 bustader i samband med delingssak i 2015. Teknisk drift vurderer søknaden og ga den 09.09.2015 løyve til avkjørsle.

Tiltakshavar søkte kommunen om løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg for 2 bueiningar i samband med delingssak i 2015. Teknisk drift vurderer søknaden og ga den 09.09.2015 løyve til avkjørsle. Avkjørsle er, per dags dato, ikkje etablert. Løyve til avkjørsle er gått ut. Avslag i delingssak vart gitt 05.07.2019. Tiltakshavar har no sendt inn klage på avslaget og må legge ved nytt løyve til avkjørsle i klagesaka.

Vurdering/drøfting:

Det er ingen endringar i situasjon i og langs kommunal veg på Vatne. Teknisk drift ser ingen grunn til at vi ikkje skal fornye løyve av 09.09.2015.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift finn det forsvarleg å gje nytt løyve til å etablere avkjørsle ved gbnr 170/4 for 2 bueiningar.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg på Vatne for 2 bueiningar med heimel i veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:



- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt veginnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Den private vegen kan enkelte stader verte noe bratt. Frå kommunal veg og 50 meter inn på privat veg skal maks stigning være 1:8 (jf. forskrift om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg). Vi anbefaler ikkje brattare stigning enn dette på resterande veglengde. Dette for å sikre at kjøretøy kjem seg fram til bustad vinterstid. Dersom dette ikkje let seg gjere anbefaler vi etablering av parkeringsareal langs privat veg.
- Avkjørsle skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart.
- Yttarligare informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no
- Ei føresetnad for løyve er at det vert gitt bygge – og delingsløyve for bustadtomt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan avkjørsle gbnr 170-4

Kopi til:

Byggesak Lindås kommune

Mottakarar:

Jan Ole Seim

Vardane 119 B

5911

ALVERSUND